



Hans Olav Evensen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2209 - 16/14595

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

31.05.2016

Svar på førespurnad om veglys fylkesveg 404.

Svar - veglys fylkesveg 404

(e-post frå 06.04.16 og purring 11.05.16 og 19.05.16)

I høve spørsmålet ditt vedrørande drift av veglys på fv404, har Lindås kommune vore i kontakt med Statens vegvesen. For å søkje Statens vegvesen / Hordaland fylkeskommune om overtaking av drift, føreligg det særskilte krav til korleis veglysa vert sett opp.

Dette er krav i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 og veileiar V124. Desse handbøkene beskriv mellom anna krav til utføring og lengde på anlegget.

Utdrag frå krava:

- Nye anlegg kan ikkje setjast opp i eksisterande stolpar med luftstrekk i fellesføringsanlegg, dvs trestolpar med hengeleidningar som og forsyn andre abonnentar. Nye anlegg må etablerast med stålmastar og kabel skal liggja i jord mellom mastene.
- Det er krav til eigne tennskap med straummålar. Sløkking og tenning av veglyset skal utførast ved hjelp av logisk styreeining eller astrour.
- Det er krav til Lyssetjingsstyrke, langsgåande jamskap, etc. Dette er omtala i nemnde handbøker.
- Det vert stilt krav til at anlegget må ha ein samanhengande lengde på ca. 1 km.
- Anlegget må beregnast, dokumenterast og godkjennast av Statens vegvesen før bygging kan ta til.

Når det gjeld Lindås kommune kan ikkje administrasjonen, innan frist 01.06.2016, svare konkret ja eller nei på om Lindås kommune er villig til å overta drifta av nye enkeltlys langs fv 404.

Du er velkomen til å sende ein offisiell søknad om drift av veglys langs fv 404, som må behandlast polititisk. Til informasjon har søknader om overtaking av veglys dei siste åra vorte avslått. Bakgrunn for avslaga har vore manglande budsjett-dekning og tilvising til vedtak gjort av kommunestyret 13.03.07, i sak frå

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Bruntlandsåsen bustadfelt. Denne saka vert sett på som ei prinsipiell sak og klage på avslag om drift av veglys langs Grovavegen, vart og avslegen av Rådmannen med tilvising til saka frå Bruntlandsåsen.

Du må gjerne søkje om statlege midlar frå tilskotsordninga til veglys langs fv 404, men du må ta atterhald om at søknad til Lindås kommune og Statens vegvesen, om overtaking av drift og vedlikehald, skal sendast og behandlast politisk.

Svar – Refusjon av vegmidler

Tilbakebetaling av forskotterte midlar frå Statens vegvesen er midlar som allereie er nytta til utførte prosjekt. Dette er midlar administrasjonen og politikarane ikkje har råderett over.

Når det gjeld strekninga Kvamsliane – Ytre Fosse er dette fylkesveg. På fylkesvegnettet kan ikkje kommunen nytte investeringsmidlar frå kommunebudsjettet.

Det føreligg retningslinjer for kva kommunane sine investeringsmidlar skal nyttast til og alle kommunar i Noreg må årleg rapportere kva midlane er nytta til.

Lindås kommune har difor ikkje høve til å nytte investeringsmidlar i budsjettet på anna enn kommunal veg.

Svar – Trenger kontaktperson

Når det gjeld fv 404 er det Hordaland fylkeskommune som eig vegen og den vert forvalta og drifta av Statens vegvesen. Lindås kommune vil prinsipielt ikkje kunne opprette ein hovudkontaktperson, då det er ulike fagfelt og avdelingar som handsamar saka til ei kvart tid.

Per i dag, er det planavdelinga til Lindås kommune som er involvert i fv 404. Ansvarleg for saka er Trude Langedal, alternativt Arnold Matre.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar veg
Fagsjef veg

Mottakarar:
Hans Olav Evensen